

AKTUELL Kultur

Kulturpris

MELDAL: No er det på tide å komma med forslag på kandidatar til Meldal kommunes kulturpris 2005. Kulturprisen skal i hovudsak gå til enkeltpersonar busett i Meldal kommune, men kan også bli gitt til personar som på annan måte er nært knytt til kommunen. Forslag må leverast til Meldal kommune på eige skjema innan 21. juni.

*Sturla Eide på fele og
Andreas Aase på gitar i lag
blir eit musikalsk svev av dei
heilt store
ST om konserten*

Vakkert ved midnatt



Åse Marie Hammer treng ikkje noko stort band i ryggen lenger. Med sin djupe, varme og særegne stemme står ho trygt på eigne bein.

KONSERT

Midnattskonserten i Børsa kyrkje på fredag vart så mykje meir enn berre ein konsert. Det vart ei oppleving av dei heilt store.

Og det skal Koret Våren ha stor takk for som år etter år våger å invitere til konsert seint om kvelden når folk vanlegvis kryp til køys. Og dei skal ha ros for at dei set seg sjøl i skyggen ved å invitere nokon frå øvste hylle i musikklivet saman med lokale talent. I år var det folkemusikkgruppa Flukt som var agnet, medan songaren Åse Marie Hammer og Mikal Mo var det lokale alibiet.

Musikalsk svev

Berre tanken på å få høyre Flukt levande, var noko å gleda seg til.

Så viste det seg at eine tredjedelen av Flukt var forhindra frå å spela. Da erstatninga viste seg å vera gitarist Andreas Aase, gjekk det ikkje an å bli skuffa. Dermed var også spelmannsprisnominerte Sturla/Andreas på podiet.

Andreas Aase uttala at det var ein fantastisk måte å starte helga på å få spela i Børsa kyrkje. For oss som skulle høyra på, var det ein fantastisk start på konserten å høyre Bruremarsj etter Hilmar Aleksandersen. Aase trakterer strengeinstrumenta, anten det no er gitar eller irsk bouzouki med ein slik innleving og ein slik kjærleik, at det blir stor musikk av det. Og bruremarsjane kom på rekke og rad. Den eine saktmodig og tradisjonsrik for så å enda opp i ein meir frisk og livleg utgåve.

Sturla Eide på fele og Andreas Aase på gitar i lag blir eit musikalsk svev av dei heilt store. Sturla har det same forholdet til fela som Andreas til gitaren. Samtidig er dei teknisk sett mestere på

sine instrument. Når dei også har ein lidenskap og kjærleik til den musikken dei framfører, blir det meir enn berremusikk.

Villskap

Medan tredjemann Håvard Sterten i Flukt var fråverande, var derimot Øivind Farmen sterkt til stades på trekkspelet sitt. Den russiske folketonen han spela, var ein rytmisk leik med musikk og instrument og etterkvart med publikum. Tonane skifta mellom det såre og melankolske til det temperamentsfulle og pulserande. At klokka nærma seg midnatt ein kald vårkveld, skulle ingen tru. I kyrkjerommet vart det mest ei sydlandsk stemning. Og enda meir skulle vi få når Sturla Eide stemte fela til sin eigenkomponerte «Felevregaren». Det er folkemusikk på sitt aller villaste. Som ein stor kontrast til denne var det godt å lene seg attende til Øivind Farmens «Vegards vuggesang»; var og full av godhet.

Varm og djup

Koret Våren hadde valgt eit modig repertoar denne kvelden. Dei song noko av det sterkaste og flottaste som finst for kor. Både «Kingsatt av fiendar» og «Ved Rondane» er sterke musikkstykke både når det gjeld tekst og tonar. Koret var for anledningen ikkje fulltallig og derfor noko



Andreas Aase, Sturla Eide og Øivind Farmen spelar folkemusikk med stor lidenskap og kjærleik.

sårbart. Det er likevel ikkje så ofte å høyre eit så balansert og harmonisk kor når det gjeld dame og herrestemmar. Og koret song reint om dei i nokre parti var noko usikre.

Så kom eit av høgdepunkta i konserten; koret med Åse Marie Hammer som solist i Amazing grace. Med sin djupe og varme stemme ga ho ein aldeles nydeleg tolkning av klassikaren. Saman med Håkon Soldal på synth varma ho publikum med sine vakre, litt saktmodige songar av Lisa Nilsson og Norah Jones. Hammer har utvikla seg til å bli ein songar med ein særegen, sterk og samtidig varm stemme. Ho treng slettes ikkje noko stort band i ryggen heller. Det er nesten slik at jo

meir vi høyre av stemmen hennar, jo betre blir den. Og jo meir sakte ho syng, jo sterkare blir det.

Godt etter midnatt kom vakre Gabriels Obo med Mikal Mo på sopransaksofon og med koret som tonefølge. Med så mange gode framføringar av Gabriels Obo er det eit vågestykke i seg sjølv berre å sette den opp på repertoaret. I så måte må det seiast at Mikal Mo kom godt frå oppgåva.

Det er åttande gongen koret Våren held konsert ved midnattstider. Det er kaldt ute denne natta. Vi gler oss allerede til neste vår og neste midnattskonsert.

Audhild Øye

Strandheim Terrasse
VISNING
SE ANNONSE SIDE 2
SKANSKA | Skanska Bolig